



Notat

Dato: 05.03.2015
Arkivsak: 2015/200-5
Saksbehandlar: biraase

Til: Adminstrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging etter medarbeidarundersøkinga 2014 - opplevd helsebelastning

Medarbeidarundersøkinga 2014 viste at ei stor gruppe tilsette ga uttrykk for at arbeidet tidvis går utover helsa deira.

Adminstrasjonsutvalet fekk på møtet 13.11.14 ei orientering om korleis resultata frå medarbeidarundersøkinga blir fulgt opp. Når det gjeld tilsettes oppleiving av at arbeidet tidvis går utover helsa deira, vart følgjande nemnt i orienteringa:

o Rambøll Management Consulting vil gjere ei analyse av kva for faktorar helsespørsmålet samvarierer med. Det vil bli gjort felles analyser for å sjå om det er nokre samanhengar på tvers av organisasjonen, samt separate analyser for tannhelsesektoren og opplæringssektoren.

o HMT-seksjonen vil gjere ei eiga undersøking av kva som er årsaka til at oppleiving av helsepåverknad i organisasjonen er så ulik. Målsettinga med undersøkinga er å få kartlagt kva som gjer at tilsette opplever negativ helsepåverknad. I tillegg ynskjer ein å lære av dei som har det bra, slik at ein kan bruke dette i systematisk MHT-arbeid vidare, mellom anna i kursing og rådgjeving. Ved gjennomføringa av undersøkinga vil ein velje ut nokre einingar mellom anna innanfor tannhelse- og opplæringssektoren, og sjå nærmare på desse. Før endeleg val av einingar vil ein sikre seg at einingane er relativt representative.

Rambøll Management Consulting har på oppdrag frå organisasjonsavdelinga gjort ein meir utdjupande analyse av opplevd helsebelastning. Analysen syner at det er små skilnader i opplevd helsebelastning med omsyn til kjønn, alder og ansiennitet.

Faktorar som i undersøkinga har høg samvariasjon med opplevd helsebelastning er:

- balanse mellom arbeidsliv og privatliv
- oppleving av det fysiske arbeidsmiljøet
- moglegheit til å påverke arbeidssituasjonen.

Organisasjonen var i analysen delt inn i tre grupper: opplæring, tannhelse og resten av einingane, og analysen syner at der er skilnader internt i Hordaland fylkeskommune.

Organisasjonsavdelinga vil følgje dette vidare opp med eit prosjekt som vil sjå på korleis situasjonen kan betrast for dei som opplever høg helsebelastning. HMT-seksjonen vil som bedriftshelseteneste vere ansvarleg prosjektet. Nokre einingar vil bli invitert til å delta. og i tett samarbeid med leiar og dei tilsette vil ein prøve å utarbeide konkrete tiltak som kan betre situasjonen.

Erfaringane frå desse prosessane vil i etterkant bli delt, slik at kunnskapen kan nyttast førebyggande i andre delar av Hordaland fylkeskommune.

